

Visdal oppigard

Av Knut Raastad, 2017



Visdal oppigard gnr. 74 bnr. 1 ligg i øvre Nordherad mellom Mo og nigard Visdal. Fram til om lag 1950 låg husa ovanfor husa på nigard Visdal. Visdal er nemnd frå 1520 da som Visdall, Wiißdall 1578, 1594, 1668, Wistedall 1604, Wisdal 1723.

Jordebok 1577 og utover samt bygningsskatten 1604 viser at Visdal da var ein gard og rekna som halvgard. Frå 1645 er det nemnd to gardar.

Koppskatten 1645 nemner Svend Wisdall og hans hustru. Matrikkel 1647 nemner oppigard Visdal som halvgard og Svend Wisdall som brukar av 1 ½ hud som bonden eig sjølv saman med Oluf Waldes arvingar.

Men i jordeboka for Oslo og Hamar bispedømme er det ca. 1576 oppført at Visdal svarar ei landskyld på 1 hud til prestebølet i Vågå. Jordebok 1661 viser at i tillegg til 1 hud som presten eigde, var det på oppigard Visdal 9 ½ skinn i landskyld. Knut Wisdaell er nemnd som brukar i 1661.

I 1654 vart 5 skinn seld frå Arnold, Jon og Oluf Lodensønner og Marit og Anne Lodensdr. til Sven Jonsen og Jon Olufsen. I 1662 er det skjøte på 4 ½ skinn i Visdal frå Svend Visdal til Svend Skårvangen. Denne Svend Skårvangen var Svend Jonsson som var gift med Eli Olufsdotter og i 1665 var det skifte etter Svend. I 1666 var det to enkjer som brukte oppigard Visdal, enkja etter Svend Jonsson var Eli som brukte 9 ½ skinn. Eli og Svend hadde 3 barn:

Ole f.1653. På Ulsbu.

Amund f.1657

Ågot, g.m. Jon Daffindsen. På Ulsbu.

Den andre enkja som brukte oppigard Visdal i 1666 var enkja etter Knut Olsen som det var skifte etter i 1665. Ho var brukar av 1 hud. Knut var eigar av 9 skinn i nigard Visdal. I 1674 er 4 ½ skinn i Visdal overført frå Elli Olufsdtr. til Sirri Wisdall som truleg er enkja etter Knut. Knut Olsen hadde 2 sønner:

Ole f.ca.1653, neste brukar

Knut f.ca.1657

Matrikkelen 1668 viser at Visdal hadde sommarseter i Finndalen.

Ole Knutsen f.ca.1653 vart gift med Anne Arnesdotter, dei hadde 2 barn:

Arne Olsen

Sirri Olsdotter

Anne Arnesdotter vart gift på nytt med Nils Rasmusen. Skoskatten 1711 viser Nils Wisdal og 3 barn, men nemner også ein Rasmus Knutsen. Nils og Anne hadde 2 barn:

Guri f.ca.1697

Rasmus f.ca.1700, neste brukar

I 1721 er det sal av 5 skinn i øvre Visdal til Arne Olsen Wisdal frå Ola Sveinson og ervingane etter broren Amund Svendsen, men dette vart omgjordt. Så i 1730 er dette overført frå Marit Amundsdotter og Svend Jonsen Ulsbu til Rasmus Nielsen Wisdal.

I 1755 er 4 ½ skinn overført frå Arne Olsen Wisdall og Sigrí Olsdtr. Wisdall til Ole Aslachsen nedre Visdal.

Rasmus Nielsen Visdal bygsla i 1727 1 hud i Visdal frå Vågå prestebol, dette hadde faren Niels Rasmussen før hatt bygselen av. Rasmus Nielsen Visdahl og kona Imbiør Pedersdotter hadde 4 barn:

Nils 1742-1820, neste brukar

Peder 1744-1832, g.m. Anne Olsdtr. 1747-1832. I Groven.

Knut 1749-1823, g.m. Aaste Knutsdtr. 1755-1821. I Brun.

Ole

I 1751 vart ein Knut Olsen øvre Visdal gift med Gunhild Henriksdtr. Det er skifte etter han i 1765. Knut og Gunhild hadde 5 barn:

Ole f.1752

Aaste 1754-1754

Aaste 1755-1821, g.m. Knut Rasmusen u. Visdal 1749-1823. I Brun. (sjå over)

Anders f.1759

John f.1762, pottemaker i Trondheim i 1787

I 1752 var det skifte etter Rasmus Nilsen. Same året bygsla Peder Pedersen 1 hud i Visdal frå presten, han var morbror til barna etter Rasmus og Imbiør.

Nils Rasmusen 1742-1820 fekk bygsel frå presten på 1 hud av Visdal i 1770, da er det nemnd 9 ½ skinn bondegods. Nils fekk skjøte frå brørne i 1792, det må da vera den delen som ikkje tilhørde presten. Nils var gift med Else Hansdotter Strand 1749-1820, dei hadde 7 barn:

Imbjør 1771-1847, g.m. Svend Pedersen Ulsbu d.1829. PåUlsbu.

Eldri 1778-1828, g.m. Knut Syversen Grev 1784-1814. I Grev.

Hans 1781-1782

Hans 1783-1823, neste brukar

Rønnoug f.1787

Rasmus f.1790

Anne f.1794, g.m. Erland Olsen Ødegaardsnæsset f.1799

Hans Nilsen 1783-1823 og tilkomande hustru fekk bygsel frå presten på 1 hud i 1806. Skjøte på 9 ½ skinn og føderådskontrakt med foreldra er frå 1808. Hans vart 1810 gift med Eldri Erlandsdtotter f.ca.1785 d.1819, dei hadde 5 barn:

Nils 1811-1870

Erland 1813-1813

Erland 1814-1880, g.m. Anne Sevaldsdtr. Sjurgard 1819-1892. På nørre Råsbakken, Lom.

Hans f.1816, g.m. Ingri Johannesdtr. Sandnes f.1816. I Hammerløkken. Til Ålesund 1969.

Rasmus f.1819

Hans Nilsen Wisdahl vart gift på nytt i 1821 med Kari Olsdotter Skjedsvold 1784-1857, dei fekk 2 barn:

Eldri f.1822, til Lom 1849 «for at giftes»

Hans 1824-1827

I 1824 forpakta enkja Kari Olsdotter garden til halvbroren Ole Eriksen Skjedsvold for eitt år til 1825, men kanskje dreiv han garden fram til den eldste stesonen overtok.

Nils Hansen 1811-1870 vart 1832 gift med Marit Johannesdotter 1804-1876 frå nigard Visdal dotter til Johannes Jonsen Hagen og Kari Jørgensdr. Bakken. Niels Visdal var i 1865 føderådsmann, men i 1868 fekk han auksjonsskjøte på Visdal for 421 spd. Nils og Marit hadde 6 barn:

- Hans f.1833, eigar av andel av Visdal 1871-1873.
- Kari 1836-1908, seinare brukar
- Eldri f.1839
- Johannes 1842-1844
- Johannes 1845-1847
- Johannes f.1850

I 1865 var det Ole Pedersen Vange f.1836 frå Lom som var eigar og gardbrukar på oppigard Visdal. Han var gift med Gunhild Olsdotter f.1836 også frå Lom. Som nemnd fekk førre brukaren auksjonsskjøte i 1868. Ole og Gunhild hadde 4 barn:

- Peder f.1861
- Annø f.1863
- Ole 1865-1865
- Ole f.1866

Kari Nilsdotter Visdal 1836-1908 vart 1873 gift med Jakob Johnsen Valde s. 1814-1883 son til John Ivarsen Valde f.1786/1787 d.1866 og Kari Jakobsdr. Sandbu n-n 1779-1867. I 1871 var det skjøte til Hans Nielsen for 599 spd., men etter to år i 1873 var det skjøte for andel av denne gard frå Hans Nielsen til Jacob Johnsen for 300 spd. Same året 1873 fekk Jacob Johnsen kongeligskjøde for 643 spd., dette må da vera den delen som har vore bygsla frå presten. Da hadde Jakob Johnsen kjøpt heile garden, og i 1874 fekk han tinglyst erklæring om at han har grunnboksheimel på Visdal øvre. Som enkje selde Kari Nilsdr. eiedommen til Ola Jakobsen Ringnesset som i 1902 skreiv føderådbrev for Kari Nilsdr. og dottera. Kari og Jakob hadde 1 barn:

- Kari 1863-1936

Ola Jakobsen Ringnesset 1862-1933 kjøpte oppigard Visdal i 1901 (han kjøpte nigard Visdal i 1918). Ola var son til Jakob Olsen Ringnesset 1836-1914 og Guri Christensdr. Nystuen 1837-1914. Ola vart 1886 gift med Kari Hølmo 1860-1939 dotter til Syver Jonsen og Anne Hansdr. Gjelet. Ola og Kari var i Minnesota i USA frå ca. 1884, men reiste heim att i 1901. Dei hadde 6 barn:

- Anna f.1888, g.m. Anton Haugen Gården
- John 1890-1957, g.m. Hanna Bakken 1902-1990. På nigard Visdal.
- Oline f.1892, g.m. Kristoffer Balterson Sæther, Lom. Til USA
- Hanna 1895-1932, g.m. Syver Balserson Sæther 1888, Lom. Syver død i Amerika.
- Oskar 1897-1976, neste brukar
- Kristian f.1899, g.m. Ragnhild Sandviken. På Øyagarden.

Oskar Visdal 1897-1976 tok over etter faren i 1923. Oskar vart 1922 gift med Marie n. Berge 1890-1965. Dei hadde 3 barn:

- Ola f.1922, neste brukar
- Live f.1925, g.m. Odd Hårstad f.1932. Til n. Berge.
- Kari f.1929, g.m. Ivar Svare f.1925. På Svare.

Ola O. Visdal f.1922 overtok etter faren i 1958. Han vart 1953 gift med Magnhild Flatmo f.1934 dotter til Kari Flatmo f.1911. Ola og Magnhild har 3 barn:

Oskar f.1953

Guri f.1957, g.m. Svein Rudland, Sør-Fron

Morten f.1962, neste brukar

Morten Visdal f.1962 overtok oppigard Visdal i 1990. Han er gift med Astrid Bodil Bakken, Lom f.1964 dotter til Bjarne Bakken f.1932 og Bjørg Falling f.1941. Morte og Astrid Bodi hadde 4 barn:

Marie 1991-1991

Ole f.1992

Bjarne f.1995

Kjetil f.2002

I 1668 vart det på oppigard Visdal fødd 16 fe, det var 2 hestar og det vart sådd 3 1/2 tønner.

I 1865 var det på oppigard Visdal 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer, 8 geit og 1 gris. Det vart sådd 1/2 tønne rug, 6 tønner bygg, 1/2 tønne blandingskorn og 6 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter grunnbok, pantebøker mm.

Pål Øistein Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på Sygard Valde med Brattland og Visdal
Slekten på Einarsvoll med Glimsdalsrekken

Folketeljingar 1801, 1865, 1875, 1900, 1910

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

Jakup Skjedsvoll: notat om Ulsbu på 1600-talet med kopling mot Visdal

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker m.m.